



SAKSHANDSAMAR

Ingeborg Magerøy
Kristian Alexander Svendsen

VÅR REF.
19/04556-2

DYKKAR REF.

ARK. B - Bygninger 2006-2019
279-281 Voss kom. - Ho

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR DATO

VÅR DATO
14.11.2019

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Att:

Områderegulering for Vossevangen 2020 - 2040, Voss kommune. Riksantikvaren si vurdering

Riksantikvaren syner til oversending 4.11.2019 frå Hordaland fylkeskommune av områderegulering for Vossevangen. Sentralt i planområdet er Voss kyrkje og kyrkjegard som baa er frå mellomalderen og som høyrer til Riksantikvaren sitt fyrstelineansvar.

Riksantikvaren har ikkje fått saka oversendt ved oppstart, og heller ikkje ved offentleg høyring før tett opp til fristen for fylkeskommunen si fråsegn. Vi seier oss leie for at vår fråsegn kjem seint i saka.

Riksantikvaren gjev med dette si fråsegn om dei forvaltingsområda der direktoratet har ansvar som fagstyresmakt. I dette tilfellet gjeld det:

- Kyrkje frå mellomalderen, Askeladden ID 85868-1, automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, fyrste ledd, pkt. a.
- Kyrkjegard frå mellomalderen, Askeladden ID 85868-2 automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, fyrste ledd, pkt. a.

Fylkeskommunen er delegert ansvaret som kulturminnestyresmakt i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gje ei samla fråsegn frå heile kulturminneforvaltinga.

Vangskyrkja på Voss og kyrkjegarden er kulturminne frå mellomalderen og dannar sentrum, fondmotiv og landemerke på Vossevangen. Dei er automatisk freda og kulturminne av nasjonal verdi.

I føresegnene for områdereguleringa for Vossevangen er det manglande ordlyd for sikring av omsyn til kulturminna frå mellomalderen. Planen opnar for tiltak som kan verke utilbørleg skjemma på desse kulturminna, i strid med § 3 i kulturminnelova. Riksantikvaren bed Hordaland fylkeskommune reise motsegn til Områdeplan for Vossevangen 2020-2040.

Voss kyrkje og kyrkjegard som kulturminne

Vangskyrkja på Voss er ei av mellomalderkyrkjene i Noreg som det knyter seg mange interesser og verdiar til. Ho har ein spesiell plass i norsk kyrkjearkitektur og -historie, og har ei uvanleg sterk rolle i landskapet på tettstaden Vossevangen. Bortsett frå at tårnet vart fornya på 1600-talet, er heile den mellomalderlege bygningskroppen intakt. Og denne er særmerkt med sine mektige dimensjonar og med kraftige strebepilarar utvendig. Heile kyrkjebygget er gjennomført i stram og sikker gotisk stil. Unikt for Vangskyrkja er den historiske dokumentasjonen på kongens interesse for ho og på kven som var byggherrer. Det var soknets menn, vessene. Dette kan ein lese ut av eit brev frå 1271, frå kong Magnus Lagabøte som skriv til alle menn i Vangs kyrkjesokn og oppmuntrar til vidare innsats med å bygge kyrkja i stein.

Vangskyrkja har til alle tider vore landemerke og identitetsskapar på Vossevangen, og det er ho enno. Landskapet i sentrum er naturleg opent og flatt, slik at kyrkja historisk har raga høgt over annan busetnad. Sjølv om andre bygg i sentrum har vorte høgare, har likevel kyrkja framleis hovudrolla i landskapet fordi ho har god plass omkring seg og på grunn av strukturen i omgjevnadene.

Siktlinar frå mange retningar treff kyrkja slik at ho dannar fondmotiv frå mange stader. Dette betyr at endringar både i nærleiken og på lengre avstand kan få verknad på opplevinga av ho. Kontakten mellom kyrkja og fjorden er òg eit historisk trekk det er viktig å ta vare på, og både store og små tiltak i denne retninga kan påverke opplevinga av mellomalderkyrkja.

Vangskyrkja og kyrkjegarden gjev historisk djupna til Vossevangen. På ein stad som miste mykje eldre busetnad i andre verdskrigen har dette ein særleg verdi.

Ein områderegulering for Vossevangen må vere tydeleg på omsynet til mellomalderkyrkjestaden både generelt og i føresegnar for einskilde felt. Både kyrkja og kyrkjegarden har kunnskaps- og opplevingsverdiar som må vernast mot utilbørleg skjemming.

Riksantikvarens vurdering

Riksantikvaren kan ikkje sjå at føresegnene i områdereguleringa for Vossevangen gjev tilstrekkeleg vern av dei automatisk freda kulturminna frå mellomalderen. Det fylgjande må inn i dei generelle føresegnene:

Voss mellomalderkyrkje og -kyrkjegard er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkja og kyrkjegarden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Alle tiltak innanfor og i omgjevnadene til kyrkjestaden skal vurderast av kulturminneforvaltninga opp mot føresegnene i kulturminnelova. Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadane til kyrkja skal ein ta omsyn til verknaden tiltaka vil ha på opplevinga av kyrkja og kyrkjegarden.

For fleire av dei einskilde felta i nærleiken av kyrkja vert det opna for endringar som vil kunne påverke opplevinga av kyrkjestaden. Dette gjeld mellom anna ST2, ST3, GP2, ST4, BS11, BS12, BS16, BS1, BS2, BS3, BOP2, BOP3, GF4 og GF5. Endringar som nybygg,

utskifting og endring av bygg, økte byggehøgder, planting av tre, landskapselement, lette installasjonar for parkar og plassar er alt saman tiltak som kan ha slik verknad..

Planmaterialet er mangelfullt med omsyn til landskaps situasjonen til den automatisk freda kyrkja. Dette gjeld både for den skriftlege skildringa av konsekvensane til plangrepa i saksframstillinga, og for føresegnenes klårheit. Føresegnene til dei ulike arealformåla vekslar mellom å angi nye byggehøgder i C+ og talet på etasjar. Det blir svært utydeleg kva innverknad tiltak i planen vil kunne ha på kyrkja.

Føresegnene for arkitektonisk og estetisk utforming viser til ein formingsrettleiing som ikkje er juridisk bindande. Ordlyden i formingsrettleiinga gjer at den etter Riksantikvaren si vurdering ikkje er tydeleg på om den fremjar pålegg eller berre er retningslinjer som ikkje er bindande.

På bakgrunn av dei verknadene tiltak i planen vil kunne ha på kyrkja, kyrkjegarden og omgjevnadene ser vi at den vil kunne påverke kyrkjestaden på ein måte som Riksantikvaren ikkje kan godta. Vi ber derfor fylkeskommunen reise motsegn til planframlegget.

Voss er elles omfatta av Riksantikvaren sitt NB!-register og har nasjonal verdi som tettstad med gjenreisingbusetnad. Vi minner om at det er fylkeskommunen som skal sjå til at planen sikrar ivaretaking av NB!-området.

Konklusjon

Riksantikvaren meiner omsynet til Voss mellomalderkyrkje og mellomalderkyrkjegard er for svakt ivareteke i planen, og difor er i strid med nasjonale kulturminneinteresse. Vi bed difor Hordaland fylkeskommune reise **motsegn** til områdereguleringa for Vossevangen 2020-2040. Om fylkeskommunen etter ei vurdering finn å ikkje ville reise motsegn, må saka sendast til Riksantikvaren slik at vi kan vurdere å ta over og reise motsegn på sjølvstendig grunnlag.

Beste helsing

Kristine Johansen(e.f.)
seksjonsleiar

Kristian Alexander Svendsen
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjend